

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Utval for samfunnsutvikling (UFS)	13.10.2020	046/20

Forskrift om frist for spreiring av gjødselvarer av organisk opphav

Samandrag:

I Sund kommune var det fastsett forskrift om frist for spreiring av gjødselvarer av organisk opphav. Etter forskrift om sammenslåing av Fjell kommune, Sund kommune og Øygarden kommune til Øygarden kommune, Hordaland, skal lokale forskrifter verte fastsett innan 1. januar 2021. Kommunedirektøren legg fram sak med drøfting av om forskrift om gjødsel skal verte vidareført i Øygarden kommune. Fjell og Øygarden kommunar hadde ikkje lokal forskrift om frist for spreiring av gjødselvarer av organisk opphav.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Forskrift om frist for spreiring av gjødselvarer av organisk opphav, Sund kommune, Hordaland
Saksutgreiing og vedtak. Lokal forskrift om frist for spreiring av gjødselvarer mv. av organisk opphav

Innstilling til vedtak:

Utval for samfunnsutvikling legg framlegg om å oppheve Forskrift om frist for spreiring av gjødselvarer av organisk opphav, Sund, på høyring jf. forvaltningsloven § 37 og forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23. Høyringsfrist er 4 veker.

Saksopplysningar:

Om lovverket

Nasjonalt gjeld forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, FOR-2003-07-04-951. Formålet med forskrifta er «.. å sikre tilfredsstillende kvalitet på produkter som omfattes av forskriften, forebygge forurensingsmessige, helsemessige og hygieniske ulemper ved tilvirkning, lagring og bruk av gjødselvarer, mv. av organisk opphav og legge til rette for at disse produkter kan utnyttes som en ressurs. Forskriften skal også bidra til en miljøforsvarlig forvaltning av jordsmonnet og ivareta hensynet til biologisk mangfold».

Spreietidspunkt er i § 23 fastsett til 15. februar - 1. november. Den 1. september er frist for spreieing utan nedmolding/nedfelling på eng/anna grøde.

Etter § 23 tredje ledd kan kommunen «på vilkår av at kommunens klimatiske forhold og vannkvaliteten i kommunens vassdrag tillater det, ved forskrift eller enkeltvedtak, tillate en senere frist for spredning utan nedmolding/nedfelling enn 1. september, men ikke senere enn 1. oktober. Muligheten for endring ved forskrift gjelder likevel ikke kommunene som ligger innenfor nedbørsfeltet som drenerer til kyststrekningen svenskegrensa – Lindesnes.

Kommunen kan ved forskrift eller enkeltvedtak forby spredning av gjødselvarer som nevnt i 1. ledd i hele eller deler av perioden fra og med 1. september til 1. november i områder med alvorlig forurensning eller fare for alvorlig forurensning».

Lokal forskrift

I lokal forskrift for gamle Sund er det fastsett følgjande spreietidspunkt:

«Spreieing av gjødselvarer av organisk opphav med nedmolding/nedfelling er berre tillate i perioden 15. februar til 1. november. Det er ikkje tillate å spreie gjødselvarer på snødekt eller frossen mark.

Spreieing av husdyrgjødsel som kan medføre tap av næringsstoffer skal så langt det er mogleg skje i perioden frå våronnstart til 1. september, og fortrinnsvis om våren når planteveksten tar til. Spreieing utan nedmolding/nedfelling på eng og annan grøde bør gjerast så tidleg i vekstsesongen at det er moglegheit for tydeleg gjenvekst som vert hausta eller beita.

Landbruksføretak med tilstrekkeleg spreieareal, kan spreie gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling på eng og annan grøde til og med 30. september. Det må unngåast å spreie husdyrgjødsel på sterkt hellande mark i denne perioden. Det bør visast aktsemd ved spreieing i periodar eller inn mot periodar med varsel om nedbør.

I perioden 1.-30. september skal det ved spreieing utan nedmolding/nedfelling på eng og anna grøde, maksimalt spreiest 2 m³ pr. dekar. Mot alle vassdrag skal det setjast att ei buffersone på minst 10 meter som ikkje skal gjødselast.

Kommunen kan, på dei vilkår som er nemnt i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23, gje løyve til seinare spreieing med enkeltvedtak, men ikkje seinare enn 1. oktober».

Den nasjonale forskrifta § 20 set krav til minimumskapasitet for lagring av gjødsel på 8 månaders produksjon. § 22 slår fast at det i gjødselplan skal tas inn bruk av gjødselvarer på landbruksareal. Krav til gjødslingsplan følgjer av forskrift om gjødslingsplanlegging. Forskrifta sitt formål er å «gi grunnlag for kvalitetsmessig god avling, begrense avrenning til vassdrag og tap til luft av næringsstoffer fra jordbruksarealer. Gjødslingsplanlegging skal sikre en ressursmessig riktig utnytting av næringsstoffer i jordsmonnet og fra mineralgjødsel, husdyrgjødsel, slam og annen organisk og uorganisk gjødsel».

Vurdering:

Den lokale forskrifta utvider perioden for spreieing utan nedmolding/nedfelling på eng/anna grøde frå 1. september til 30. september. Vilkår for dette er at det er tilstrekkeleg spreieareal, maks 2 m³ per dekar og buffersone til vassdrag på 10 m.

Bakgrunn for at det vart fastsett lokal forskrift, var mange søknadar om utsett frist på grunn av vêrtilhøve. Det følgjer av saksutgreiinga at «Det har vore for mykje nedbør på sommaren til at bøndene har fått ut all gjødsla innan fristen 1. september. Dei siste åra har det vore tørt og fint ver i september, med god vekst i graset. Det har såleise vore høve til å køyre ut gjødsel. Dei som har søkt utsett spreieing har fått det, jf. Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23. Det er ytra

ønske frå gardbrukarane og frå Norsk Landbruksrådgiving om ei forskrift som gjev ei generell utsett frist.».

Mattilsynet skriv i rettleiar til § 23 i nasjonal forskrift som opnar opp for lokal forskrift:
«Vilkåret er at kommunens klimatiske forhold og vannkvaliteten i kommunens vassdrag tillater det. Det bør gjennomføres en miljørisikovurdering før eventuelt et slik vedtak/ forskrift fastsettes. Kommunen kan legge ned forbud mot spredning mellom 1. september og 1. november i utsatte områder.».

Kommunedirektøren vurderer at tidsrom som framgår av nasjonal forskrift bør vere gjeldande. Den lokale forskrifta gjev utvida spreieperiode uavhengig av om årets vår i den normale spreieperioden har vore gunstig eller ikkje. Ved klimatiske tilhøve som tilsei at det kan verte utført seinare spreieing enn 1. september, bør dette verte teke stilling til i den konkrete saka. Etter kommunedirektøren sin vurdering bør lokale resipienttilhøve, mengd nedbør og generelle veksttilhøve verte konkret vurdert før spreieperioden verte utvida utover perioden nasjonal forskrift fastset.

Oppheve forskrift

Etter forvaltningsloven § 37 andre ledd skal *«Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet»* (vår utheving).

Kommunedirektøren rår til at framlegg om å oppheve Forskrift om frist for spreieing av gjødselvarer av organisk opphav, Sund, vert lagt ut på offentlig høyring i 4 veker.

Behandling i Utval for samfunnsutvikling (UFS) 13.10.2020:

Votering:

Innstillinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

Etter avrøystinga vart det stilt spørsmål ved bruken av kommunenavn. Administrasjonen får fridom til å undersøke og ev. endre dette.

Desse hadde ordet i saka:

Marianne Sandahl Bjørøy (Ap) hadde ordet etter at saken var handsama.

Vedtak i Utval for samfunnsutvikling (UFS) - 13.10.2020 - 046/20

Utval for samfunnsutvikling legg framlegg om å oppheve Forskrift om frist for spreieing av gjødselvarer av organisk opphav, Sund, på høyring jf. forvaltningsloven § 37 og forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23. Høyringsfrist er 4 veker.